

Sprog i Norden

Titel: Språkundervisning og språknorm
Forfatter: Tove Bull
Kilde: Sprog i Norden, 1984, s. 66-73
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Nordisk språksekretariat

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Språkundervisning og språknorm

Av Tove Bull

Forholdet mellom språkundervisning og språknorm kan – som alle forhold – sjåast frå to sider. For det første frå språknormeringa eller normeringsinstansane si side. Viktige spørsmål her blir: Kor store omsyn skal språknormeringa ta til opplæringa i skolen? Er ei norm som er lett å lære alltid betre enn ei norm som er vanskelegare å lære? Og: Korleis er eigenleg ei norm som er lett å lære – og å praktisere? Og vidare: Kva er vilkåra for endring av normene?

For det andre kan ein sjå forholdet frå språkundervisninga eller skolen si side. Det er det som er utgangspunktet mitt her. Eg kan ikkje tale så mykje på vegner av nokon normeringsinstans. Det er først og fremst som morsmåslærer eg sjølv har røynsler. Det er med bakgrunn i ti års arbeid i lærarutdanning eg uttalar meg om dette emnet og gjev uttrykk for ønskje om konkret forskning. Det seier seg derfor også sjølv at utgangspunktet mitt blir norsk språknormering og undervisning i norsk i den norske skolen. Dermed vil skriftspråknormene stå i fokus. Talemålsnormering er ikkje aktuelt i norsk skole; eg vil derfor ikkje komme inn på problem i samband med undervisning i ei bestemt talenorm.

Det er ei sentral oppgåve i skolen å føre elevane inn i det offentleg normerte språket, ja, kanskje ei av dei mest sentrale oppgåvene skolen har. Skolen er såleis den viktigaste normspreiaren i samfunnet.

Normene for det offentleg normerte språket vik på ulike plan av frå det private språket til elevane. For det første har det offentleg normerte språket *skrift* som si viktigaste uttrykksform; skolen skal lære elevane å lese og skrive. I første omgang inneber det at elevane må tileigne seg den alfabetiske koden. For det andre er det offentlege språket framfor alt eit ord- og omgrepstilfang for nye område: politikk, vetskap, kultur. Skolen skal såleis lære elevane ei rekkje nye ord. For det tredje er det offentlege språket

prega av at det er eit språk først og fremst for *monolog* i tale og skrift, mens talemålet til eleven er dialogisk. Det er altså skolens oppgåve å føre elevane inn i nye språkbrukssituasjonar. Elevane skal gjerast kjende med nye teksttypar og dermed nye tekstnormer. For det fjerde er det offentlege språket kjenneteikna ved overregional standardisering. Skolen må såleis lære elevane ei ny språkform. For det femte har det offentlege språket visse tilfeldige etikettereglar. Desse reglane har eit stort signalverde som den vesentlege funksjonen sin. Tradisjonelt har skolen sett det som oppgåva si å lære elevane opp til å meistre desse normene og.

Skulle ein freiste å seie noko uttømmmande om forskingsbehovet innan området språkundervisning og språknormering, måtte ein ta for seg dei fem sidene eg har nemnt, systematisk registrere den forskinga som alt er utført og karleggje dei områda der vi enno veit for lite, der forskingsbehovet er stort. Det er det ikkje plass til her. Dei forskingsoppgåvene eg vil nemne og som eg meiner er aktuelle, er kanskje tilfeldig valde. Hovudpoenget mitt er å få fram at vi veit heller lite om forholdet mellom språkundervisning og språknorm. Det står forskingsoppgåver på rad og rekkje og ventar.

Gjennom alt rettskrivingsreformarbeid i Noreg i dette hundreåret blir det enten implisitt tatt for gjeve eller eksplisitt slått fast at pedagogiske omsyn må vege tungt når ein reformerer eit skriftspråk. Det blir og i regelen tatt for gjeve at "pedagogiske omsyn" betyr det same som at reglane for rettskriving og bøyning bør vere klare, enkle og helst unntakslause. Som eit konkret døme kan eg vise til den komiteen som reviderte ortografi og morfologi i landsmålet (nynorsk) i 1901, og som tydeleg sa frå om at dei såg det som eit mål å gje skolen "ein fast og fylgjestreng skrivemaate, ein som kann spara skulen, so mykje som raad er, for det skjeppe og hefte det er, i vissa for nynæmingen, aa sjaa eitt og det same skrive snart paa ein maate og snart paa ein annan". (Framlegg til skrivereglar for landsmaale i skularne, s. 2, prenta som tillegg til Univ. – og Skoleannaler 1899.)

Det er same tankegangen som ligg bak når Norsk språkråd normerer litterære tekstar til skolebruk. Reglane som gjeld her er rett nok no under revisjon. Etter desse reglane skal læreboknormalen følgjast; det er hovudregelen. Litterære tekstar blir retta i samsvar med den. Denne hovudregelen har ført til at ein bare i liten grad

har akseptert til dømes dialekt i replikkar i utdrag av bøker som blir brukte i lesebøker.

I ein artikkel i avisa *Dag og Tid* 23. juni 1983 tar ein lesebok-redaktør, Tordis Fosse, opp dette spørsmålet. Ho meiner ho har vore utsett for hardhendt normering av Språkrådet, og spør mellom anna om det er så visst at det er eit "skjeple og (eit) hefte" for elevar i skolen "aa sjaa eitt og det same skrive snart paa ein maate og snart paa ein annan". Gjer det noko om det i ei barnebok av den nordnorske forfatteren Wenche Krossøy som blir tatt med i ei lesebok for andre klasse, heiter, i ein replikk: "No må dokker ikkje rote så fælt i stua!" i staden for "No må de ikkje rote så fælt i stua!"?

Om vi studerer rettskrivinga til "nynæmingen" sjølv, ser vi at *den* nettopp er karakterisert ved at han eller ho skriv same ordet på ulikt vis. Her ser vi eit døme på ein tekst skriven av ein norsk førs-teklassing i juni 1983:

Jeg bar fanen. Det var kjkt.

Han som bar den før meg, jide åp.

Jeg jik åså i follketoget. Det var sjkt.

Eterpå jikk vi til en som heter Alf.

Der hade jeg det sjekt. Vi gik ut på en knaus å blåste i en fløyte.

Vi ser her at eleven har skrive orda "kjekt" og "gikk" på tre ulike måtar. Dette dømet gjeld ortografi; eg kunne like gjerne sitert elevtekstar som viser morfologisk variasjon, til dømes skifte mellom "vi" og "me" i ein og same tekst.

Det har så vidt eg veit aldri vore undersøkt om barn blir mindre sikre i rettskriving om ein tillet andre former enn lærebokformer i lærebøker. Kva med norske barn i høve til svenske og danske? Er den valfridomen dei møter til skade eller til gagn for deira eiga språkferdigheit? Kor mykje variasjon i rettskrivinga toler ein i skolen utan å bli forvirra og hefta? Det er sjølv sagt vanskeleg å komme fram til sikre svar på slike spørsmål, men det må vere mogeleg å finne ut meir om dette enn vi veit i dag.

Det eg har illustrert med desse døma er tilfelle der det vi kunne kalle einskapsprinsippet eller enkelheitsprinsippet kjem i strid med eit anna viktig prinsipp for norsk språknormering, nemleg

folkemålsprinsippet. Det har jo vore rekna som ein føremonn at dei normerte formene ligg nær talemålet eller er lette å avleie ut frå det.

Det kan truleg bere gale i veg om ein går for langt i å gjere ei norm enklare og meir regelmessig enn den språklege røyndomen er. Det er eit spørsmål om ikkje fleirtalsbøyinga i injekjøn i nynorsk er eit døme på dette: den nesten unntakslause regelen er at nøytrumsorda ikkje skal ha ending i ubunden form og -a i bunden form (eple, epla). Talemåla viser sterke tendensar til andre endingar, særleg i ord som endar på vokal: epler-eplene, epla-eplan osv. Trass i den enkle regelen blir det gjort mykje feil langt opp i skolen i fleirtal i nøytrumsord.

Det er først og fremst feilanalyse, eller rettare: normavvikanalyse av skriftspråket til skoleelevar på ulike skolesteg som kan gje oss svar på spørsmåla ovanfor. Å kartleggje kva elevane skriv gale og å drøfte kvifor dei gjer det, er ein viktig del av arbeidet til ein morsmålslærar. Dette er da også eit gammalt forskingsfelt. I Noreg gav Geirr Wiggen i 1981 ut ei bok som gjev oversyn over norsk forskingsstatus på området. Her gjer han greie for 11 norske forskingsarbeid om normavvik mellom 1929 og 1980. Wiggen sjølv er mest opptatt av talemålskorrelative avvik hos grunnskoleelevar, og han viser at i alle dei undersøkingane som er gjorde, utgjer denne avvikstypen ein høg prosentdel av det totale talet på avvik; han svingar mellom 42,9 % og 75 % i fem studiar frå etterkrigstida. Også utanlandske studiar har Wiggen kunna jamføre med, 13 studiar frå Sverige, Danmark og engelskspråklege samfunn. Det er sams for desse studiane at frekvensen av talemålsavhengige avvik er stor og langt på veg som i Noreg. Prosentdelen varierer mellom kring 30 og kring 80.

Når det gjeld interferens frå talemålet til skriftspråket til skoleelevar, har vi altså ein del kunnskap. Det interessante no må vere å drøfte kva for konsekvensar denne kunnskapen bør føre til – for skolen og for normeringsarbeidet i språknemndene. Det burde vore mogeleg å leggje opp eit prosjekt for å undersøkje korleis skriftspråkssystemet kan bli mest mogeleg føremålstenleg, og korleis undervisninga i skriftspråket kan gjerast mest mogeleg effektiv.

Feilanalyse kan vere til hjelp også i andre samanhengar enn dei

eg har nemnt. Det er såleis ein viktig forskingsmetode.

I Norsk språkråd kan ein registrere stor språkpolitisk usemje om kor stor plass talemålet til elevane skal ha i skriftspråksopplæringa. Skal ein til dømes tillate dialekttekstar i lesebøker? Skal elevane ha høve til å skrive på dialekt? Spørsmålet har særleg vore reist i samband med den første lese- og skriveopplæringa og i samband med opplæring i nynorsk sidemål. Somme hevdar at skriftlege innslag på dialekt bare vil skape vanskar for skriftspråks-tileigninga, andre meiner det vil hjelpe ho. Dette treng vi å vite meir om. Noko språkpedagogisk forskning er det også gjort, ialfall når det gjeld begynnarundervisning i lesing og skriving.

Mykje empirisk forskning frå store delar av verda tyder på at den aller første lese- og skriveopplæringa i småskolen går lettare om elevane får møte eit skriftspråk med ein nokonlunde ortofon (lydrett) ortografi, altså ein ortografi der korrespondansen mellom fonem og grafem er stor. Dette gjeld begynnaropplæringa. Men forskinga viser og at etter ei tids leseopplæring er det ikkje lenger samsvar mellom stor leseferdigheit og høg grad av fonem-grafem-korrespondanse i skriftspråket. Da er det andre sider ved skriftspråket som synest å ha meir å seie. Mange hevdar med stor styrke at *lesing som ein automatisert prosess* blir meir effektiv på eit skriftspråk som til dømes engelsk enn på eit meir lydrett språk.

Poenget er at ei norm som er gunstig for nybyrjaren, ikkje nødvendigvis er like føremålstenleg for den vande skriftspråksbrukaren, og omvendt. Interessene til nybyrjaren står her mot interessene til den vaksne, vande lesaren. Kva gjer ein med det? Kan det tenkjast at det til å begynne med er mest effektivt å undervise etter ei nokonlunde ortofon norm, som bryt med den offisielle, heller enn å starte med den offisielle norma? Den måtte elevane etter kvart gradvis få opplæring i, truleg etter eit kontrastivt undervisningsprinsipp.

I samfunn med ein lang skriftspråkstradisjon vil skriftspråket vike heller sterkt av frå talemålet, på alle nivå i språket. Dette skapar vanskar i undervisninga, dels unødige vanskar, meiner somme. Her står Noreg i ei særstilling fordi vi har to normer som i manns minne (kvinnerens minne og, får vi gå ut frå) begge har vore reformerte fleire gonger. Samfunnet vårt utgjer ein arena der ulike språkideologiar fører ein stadig kamp mot kvarandre. Dermed er

det på ein heilt annan måte enn i andre land mogeleg å få gjennomslag for det synet at norma/normene kan forandrast. Det konservative tradisjonssynet er ikkje ein sjølvstendig og underforstått fellesideologi for heile samfunnet, men eitt standpunkt blant mange fleire som ein må kjempe for å få oppslutning om. Dette gjer at det er von om at resultat frå forskning om språknormering og språkundervisning kan få konsekvensar også for normeringa.

Som døme på heilt ny normering med grunngjeving i såkalla pedagogiske argument kan nemnast at Norsk språkråd i 1982 vedtok ein regel som gjer det mogeleg for skoleelevar å sløyfe samsvarsbøying av perfektum partisipp i nynorsk. Det arbeidet med ordtilfanget i nynorsk som no er avslutta, har og bakgrunn i røynsler frå nynorskopplæringa, først og fremst.

Det systemet vi har i Noreg med ein relativt fast læreboknormal og ei romslegare rettskriving kan sjølvstendig bare forklarast på bakgrunn av den språkhistoria vi har hatt i dette hundreåret. Den store valfridomen som systemet førte til, var frå først av sedd på som ei naudløysing, noko ein etter kvart skulle normere seg bort frå.

Slik trur eg ikkje det er lenger. I 1960- og 70-åra kom det fram eit nytt syn på språkleg valfridom. Valfridomen gjorde at rettskrivinga lettare kunne nærmast til ulike dialektar. Dermed blei skiljet mellom ein læreboknormal som står relativt fast og ei meir romsleg rettskriving meir og meir sett på som eit varig gode, og ikkje minst som ein pedagogisk fordel. Ein må vel og seie at systemet er lagleg når ein skal ta omsyn til ulike språksyn og ulike språkstridsgrupper i normeringa.

Korleis systemet fungerer i skolen, er ei anna sak. Eg trur at det no er nødvendig at normeringsinstansane spør seg om systemet fungerer slik i praksis som det er tenkt. Det skal ikkje lite kunnskap og innsikt til for å bruke ein slik valfridom som den offisielle rettskrivinga i dag gjev høve til. Mi private, nokså deprimerande røynsle er at mange lærarar ikkje ein gong veit at det finst eit slikt system som skil mellom ein læreboknormal og ei vidare rettskriving, og at dei slett ikkje veit kva omgrepet læreboknormal tyder.

Eit anna særnorsk problem (?) er det at vekepressa, mange aviser, til dels Norsk Telegrambyrå og ikkje minst mange skjønnlitterære forfattarar har si eiga språknormering som i mangt vik av frå den offisielle. Kva for konsekvensar har dette for språkoplæ-

ringa og for dei språkholdningane elevane dannar seg?

Det elevane møter av skriftspråk i skolen, utgjer bare ein brøkdel av det dei møter utanfor skolen. Dette kan vere eit alvorleg pedagogisk problem. Døme på kva det kan føre til når det går som verst, er den såkalla nye teljemåten. Det er no meir enn tretti år siden han vart vedtatt; likevel kan ein ofte møte sjuåringar som tel på gammalmåten i skolen ("einogtjue" i staden for "tjueein").

Vi treng å vite meir om korleis normbrott, særleg dei som bryt mot omsynet til språkleg etikette, verkar utanfor skolen. Kva for typar feil reagerer kva for typar folk mot? Og på kva for måte? Vidare: Kva for feil verkar inn på lesbarheita? Kva for feil gjer ein tekst vanskeleg å forstå? Kva for feil gjer det ikkje? Dersom vi hadde meir kunnskap om slikt, ville det kunne få konsekvensar for rettepraksisen til lærarane.

Andre interessante forskingsprosjekt: Undersøking av rettingane til morsmåslærarane. Kva for normer følgjer læraren når ho rettar? Korleis står desse normene i høve til dei faktiske normene? Eg har inntrykk av at det finst ein motsetnad mellom dei faktiske normene og det vi kunne kalle skolenormer. Døme på slike skolenormer er regelen om at ein aldri må begynne ei setning med *og*, at det alltid skal vere komma framfor *men*, at ingen tekstar og heller inga setning bør innleiast med *eg*. Eg trur (men eg veit ikkje sikkert) at det finst slike skolenormer for alle nivå i språket. Mellom anna derfor meiner eg det kunne vore interessant å få kartlagt desse skolenormene.

I Noreg gjev høvet mellom bokmål og nynorsk i skolen og utgangspunkt for interessante forskingsoppgåver. Kor stort er bokmålsinnslaget i skriftspråket til nynorskelevar på ulike steg i skolen og ulike delar av landet? I desse tider ville det og vore interessant å undersøke ordtilfanget i skriftspråket til nynorskelevar nærmare. Eg vil 'og tru at ei jamføring av syntaksen til elevar med nynorsk og elevar med bokmål som opplæringsmål ville vore av interesse.

I denne innleiinga har eg freista trekkje fram ein del område der eg meiner det trengst meir forskning, slik at vi kan få sikrare kunnskap om forholdet mellom språkundervisning og språknorm. Mange av desse konkrete ønskja vil det sikkert vere språkpolitisk semje om. Men slett ikkje om alle. Det er ingen grunn til å leggje skjul på at det er minst to ulike språkpolitiske oppfatningar som

tevlar også når det gjeld spørsmålet om kva oppgåver skolen skal ha i denne samanhengen:

- 1) Dei som meiner at elevane skal tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving og eventuelt eit normalisert tale-mål. Elevane skal lære seg eit standardisert regel- og norm-kompleks. Punktum! For dei som meiner dette, blir sjølv sagt mange av dei forskingsoppgåvene eg har nemnt, irrelevante og uinteressante.
- 2) Det motsette standpunktet byggjer på ein kritikk av denne kjernestoff- og ferdigheitspedagogikken. Tilhengjarane av dette standpunktet vil kartleggje og drøfte dei implisitte og eksplisitte førestellingane om rett og gale som legitimerer eit standardisert normverk, og dei freistar analysere dei i historisk-politisk samanheng. Dette inneber ikkje at dei meiner det er unødvendig å gje elevane opplæring i standardnorma eller standardnormene. Men det er samstundes viktig at elevane i skolen får eit meir avklara forhold til kva omgrepa rett og gale tyder når dei blir brukte om språk. Normeringsspørsmål og normeringsproblem blir noko ein bør undervise elevane i. Har ein eit slikt syn, vil mest all forskning kring språk og skole og likeeins all forskning i norsk språk, vere viktig og relevant, også sett frå ein skolesynsvinkel.